



Tingvoll, 25.3.2024

Surnadal kommune
post@surnadal.kommune.no

KOMMUNEDELPLAN FOR NATURMANGFALD - SURNADAL KOMMUNE 2024

Naturvernforbundet ønsker å seie noko til det framlegget som er på høyring.

Vi tykkjer plana har fått med seg ein god del om stoda når det gjeld naturmangfald i kommunen. Utfordringa ligg nok helst i at både administrasjon, politikarar og folk flest tar det inn over seg, og begynner å gjere noko for å endre på ting som ikkje er så bra. Handlingsdelen i denne planen fann vi i grunnen ikkje.

Vi er ganske sikre på at kommunen får ein elektrikar og ikkje ein murar til å sjå på det elektriske anlegget. Sjølv om krisa er stor på sjukeheimen, hjelp det ikkje med ein vaktmeister i staden for ein sjukepleier når ein skal gje medisiner.

Når det gjeld natur derimot er vi ikkje sikre på at kvalitetssikringa er like god. Omtrent som det er i andre kommunar. Vi meiner det er nødvendig at ein bygger kompetanse på naturområdet for å auke kvaliteten på dei vedtaka og produkta som skapast. Dette kjem vi tilbake til.

Behov for vern og planvask

Naturavtala, underskrive i Montreal, seier at vi innan 2030 skal verne 30 % av areala våre, og at det skal vere representativt areal. Surnadal har nådd målet når det gjeld fjell, men resten manglar stort sett. Her er ein stor jobb, det er kort tid og det er kommunepolitikarar som vil vere avgjerande for om det lukkast.

I Surna sitt elvedelta ligg det mykje areal som ikkje er verna. Kommunen har fått utarbeidd rapport om kvar verdiane finst. Det som er igjen utgjør ikkje meir enn det som trengst å vernast. Her kan kommunen revidere gamle planar og endre dei til naturområde. Det er også område som kan restaurerast. Viss ikkje denne kommunedelplanen kan medverke til det, så er truleg planen ikkje god nok.

Planar handsama før 2009 er ikkje handsama etter naturmangfaldlova. Dei kan ved første høve reviderast, anten ved planvask slik at dei som ikkje har blitt noko av kan tilbakeførast natur, eller at ein får vurdert påverking av naturmangfald og gjere revisjonar som følgje av det.

Arealnøytralitet

Ein del kommunar har vedtatt arealnøytralitet. Surnadal kan om ikkje anna innføre det på enkelte arealtypar. Dyrka og dyrkbar mark må vere uaktuelt å bruke til noko anna. Om slike areal må omdisponerast, må det i det minste vere slik at ein får restaurert tidlegare bygde areal i rikeleg monn tilbake til dyrka mark som kompensasjon.

Kommunen bør lage seg ei liste over areal, t.d. grøfta myr, som kan egne seg for restaurering. Vidare bør ein stimulere ei slik ordning ved at dei som har aktuelle saker får handsama saka si fortare viss dei har med ei kompensasjonsløyising, og elles blir søknaden lagt nedst i bunken.

Artsregistreringar og naturregistreringar

Det er bra det er nemnt at ein skal legge inn på artskart og i naturbase det ein observerer ved synfaringar osb. Det må vere ein bestemt i kommunen som har ansvar for å følgje opp dette. Vedkomande må hjelpe andre slik at dei som driv med slikt får det til. Vedkomande må også følgje opp kontraktar med andre, slik at konsulentar osb. legger inn det som er avtala.

Spreiing av framande artar

Kommunen har areal med uviss status når det gjeld framande artar. Blir dei spreidde med t.d. kantslått eller grøftevedlikehald? Kommunen må lage seg rutinar slik at ein oppfyller kravet til offentleg eigar i naturmangfaldlova § 7. Når kommunen har dette på stell, kan dei gjerne dele med lokale entreprenørar. Det skal vere eit krav i alle kontraktar kommunen har med lokale entreprenørar at dei har rutinar for reinhald av maskinar og handsaming av ureina massar.

Små inngrep – kartleggingskrav


Alle planar skal i prinsippet ha konsekvensutgreiing. Når nokon søker om dispensasjon, vil ein fort kome i situasjonar med manglande kartlegging. Naturmangfaldlova har formuleringar knytt til dette. Dei som vil ha ein dispensasjon må godta at det krev kartlegging. Dispensasjonar fører fort til bit for bit-verknad, så desse må handsamast grundig.

Kanalisering av ferdsel

Kanalisering av ferdsel kan vere klokt, men det løyser ikkje alle problem viss ferdselen totalt sett blir stor. Elles er stille område eit tema som må nemnast. Område utan støypåverking har ein verdi i seg sjølv. Det må ein sikre blir tatt omsyn til, t.d. i samband med motorferdsle i utmark.

Ei øving

Rynkerose er ein art som på framandartslista har svært høg risiko (SE). Mange kjenner planta, men det er ganske sikkert nokre på kommunehuset som ikkje gjer det også. Ta med ein kvist med blad og blomar, sett i ein vase med namn på arten ein sentral plass i kantina. Etter ei veke der har alle sett, og no veit dei kva det er. Neste steg er å registrere dette i artsobservasjonar om dei kjenner nokre stader planta finst. Så kan andre som skal gjere noko med det finne arten på artskart. Ny veke, ny art. Kor mykje tid går med på dette, ti minutt i veka for ein sakshandsamar? Verdien av kompetansen og registreringa på artskart vil svært fort overstige den kostnaden. I løpet av ein sommar har mange i administrasjonen og gjerne andre med fått namn på nokre tital artar. Dessutan kan det vere nokre har begynt å bla i ein flora som ligg tilgjengeleg. Kompetansen er aukande.



Anna

I tabell 1 blir det nytta overskrift «Raudlistekategori». LC er ikkje raudlistekategori, så det er gjerne betre om ein bruker «Kategori» i staden.

Side 17 står det om vassdraga. Det fjerde vassdraget er ganske påverka det også, sjølv om det ikkje dreier seg om vasskraft.

Når ein søker på «viltkartlegging» så er det 0 funn. Vilt er kartlagd og har vel ikkje akkurat gått ut på dato.

Helsing

Øystein Folden, fylkessekretær